# Bygg og eigedom

Møre og Romsdal fylkeskommune eig 218 590 $m^2$ bygningsmasse fordelt på 165 bygningar. I hovudsak er dette bygningsmasse knytt til vidaregåande skolar. I tillegg leiger fylkeskommunen mykje areal knytt til tenesteproduksjon innanfor kultur, utdanning, tannhelse og samferdselsektoren. Bygg- og eigedomsavdelinga har ansvar for forvaltning, drift, vedlikehald og utvikling av den fylkeskommunale bygningsmassen. Du kan lese meir i Bygg og eigedom sin eigen årsrapport her

## Dei fylkeskommunale skolebygga

Dei siste åra har det blitt gjennomført tilstandsregistreringar på dei fylkeskommunale skolebygga. Tilstandsregistreringa viser at dei fleste bygga har ein god standard, men at nokre bygg er i svært dårleg tilstand. Alle dei dårlegaste bygga ligg inne på det ti-årige investeringsprogrammet til fylkeskommunen.
Du kan lese meir om forvaltning av eigedomsmassen i Eigedomsstrategien

Skolar med areal over 1500 m2

# Skolane med dårlegast teknisk tilstandsgrad




Dei fylkeskommunale skolebygga er fordelt på tre bygningskategoriar for å sikre at vedlikehaldsmidlane blir disponert optimalt.

- A-bygg er bygg det er planlagt omfattande ombyggings- eller rehabiliteringstiltak på innan relativt kort tid.
- B-bygg er bygg vi skal behalde over tid, og derfor vil det bli gjennomført verdibevarande vedlikehald på desse bygga.
- C-bygg er bygg som skal rivast eller avhendast.

Tilstandsregistreringa viser eit vedlikehaldsbehov på ca. 229 mill. kr dei neste 5 åra, på bygg der vi skal gjennomføre verdibevarande vedlikehald.

## Behov dei neste 0-5 åra og 5-10 år fordelt på bygningskategori

| Byggkategori | Samla VTTG | Behov 0-5 år | Behov 5-10 år | Behov samla |
|---|---|---|---|---|
| A | 1,64 | 133 mill. | 153, 8 mill. | 286,7 mill. |
| B | 1,12 | 229, 2 mill. | 502, 5 mill. | 731,6 mill. |
| C | 2,18 | 228, 7 mill. | 228, 7 mill. | 337,4 mill. |
| Ikkje satt | 0,36 | 300 000 | 300 000 | 600 000 |
| **Totalt** | **1,29** | **591 mill.** | **765,3 mill.** | **1,3563 mrd.** |

| Byggkategori | Behov 0-5 år per BTA | Behov 5- 10 år per BTA | Behov samla per BTA |
|---|---|---|---|

| Byggkategori | Samla VTTG | Behov 0-5 år | Behov 5-10 år | Behov samla |
|---|---|---|---|---|
| A | 5 016 | 5 802 | 10 818 | |
| B | 1 391 | 3 050 | 4 441 | |
| C | 9 516 | 4 525 | 14 042 | |
| Ikkje satt | 544 | 593 | 1 137 | |
| **Totalt** | **2 739** | **3 546** | **6 285** | |

*Samla vekta tilstandsgrad og teknisk oppgraderingsbehov fordelt på bygningskategori*

## Byggeprosjekt som er vedtatt av fylkestinget og under bygging

| Kvar | Kva | Areal BTA | Totalt budsjett | Rekneskap 2018 | Totalt rekneskap |
|---|---|---|---|---|---|
| Romsdal vgs | Nybygg i massivtre | 12 400 m2 | 520 mill. kr | 38,4 mill. kr | 497,2 mill. kr |
| Spjelkavik vgs | Tilbygg og rehabilitering | 8 314 m2 | 225 mill. kr | 57,4 mill. kr | 190,3 mill. kr |
| Fagerlia vgs | Nybygg | 3 004 m2 | 146 mill. kr | 15,3 mill. kr | 38,2 mill. kr |

## ENØK-tiltak starta i 2018

| Kvar | Kva | Totalt budsjett | Rekneskap 2018 |
|---|---|---|---|
| Kristiansund vgs | LED armaturar | 0,45 mill. kr | 0,37 mill. kr |
| Molde vgs | Fasaderehabilitering og etterisolering av A-bygget del 1 | 5,2 mill. kr | 4,57 mill. kr |
| Molde vgs | Fasaderehabilitering og etterisolering av A-bygget del 2 | 3,6 mill. kr | 0 mill. kr |
| Rauma vgs | Totalrehabilitering TIP-avdeling | 6,3 mill. kr | 6,3 mill. kr |
| Sunndal vgs | Fasaderehabilitering og etterisolering del 1 | 6,4 mill. kr | 6,35 mill. kr |
| Sunndal vgs | Fasaderehabilitering og etterisolering del 2 | 2,0 mill. kr | 1,93 mill. kr |
| Ulstein vgs | SD-anlegg og jordvarme | 4,9 mill. kr | 4,37 mill. kr |

## Redusert energiforbruk i skolebygga

Det har blitt gjennomført mange ENØK-tiltak på dei fylkeskommunale skolebygga. Det gjer at det totale energiforbruket har blitt redusert med 18,2 prosent (5,62 Gwh) sidan 2009.



Energiforbruk 2013-2018
35
30
25
20
15
10
5
0
2013
2014
2015
2016
2017
2018
Elektrisitet (Gwh)
Fjernvarme (Gwh)
kwh/m2